



NORGES DOMSTOLER

Domstoladministrasjonen - Dommerstillinger Haugaland og Sunnhordland tingrett

Jobbnorge ID: 227849

Deadline: 8/8/2022

Website: <http://www.domstol.no/>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Om oss

Noregs domstolar er i utvikling. Stortinget har gitt si tilslutning til ei monaleg endring i organiseringa av domstolane. Dei 60 tingrettane har blitt til 23, dei 34 jordskifterettane har blitt til 19. Alle dagens rettsstader skal vidareførast.

Dei nye rettskrinsane har fått verksemd på fleire stader, og skal leiast av ein domstolleiar. Samstundes gjennomfører domstolane ei stor modernisering og digitalisering av verksemda.

Vil du bli dommar ved Haugaland og Sunnhordland tingrett?

Om stillingane

Det blir ledig to embete som tingrettsdommar ved Haugaland og Sunnhordland tingrett. Tiltreding etter nærmare avtale.

Haugaland og Sunnhordland tingrett er lokalisert på rettsstadene Haugesund og Leirvik på Stord. Kontorstaden vil vere på rettsstaden Haugesund. Dersom ein intern søkar vert utnemnd, kan det bli eit ledig embete med anna kontorstad i rettskretsen. Søkarane vert derfor oppmoda til å opplyse om dommarembete med anna kontorstad kan vere av interesse.

Det må påreknast å gjere teneste på begge rettsstadene i rettskrinsen.

Haugaland og Sunnhordland tingrett har i dag til saman 13 dømande årsverk og ei samla bemanning på 30 årsverk.

Kvalifikasjonskrav

Søklarar må ha juridisk embetseksamen/universitetsgraden cand.jur eller master i rettsvitenskap. Det er ønskeleg med erfaring frå domstolane, som advokat/prosedyreadvokat eller kunnskap og juridisk erfaring frå næringslivet. Søklarar må vere norske statsborgarar. Generell informasjon til søklarane finn ein på www.domstol.no/innstillingsradet. For kandidatar som blir innstilt krev ein uttømmende politiattest.

Vi tilbyr

- eit sjølvstendig og meningsfylt arbeid med rom for fagleg utvikling
- eit omfattande introduksjonsprogram for nye dommarar
- årlege oppdaterings- og etterutdanningstilbod
- moglegheit for ein månads studiepermisjon kvart fjerde år
- gode pensjons-, forsikrings- og låneordningar i Statens pensjonskasse

Lønna for tingrettsdommar er per i dag kr. 1 238 000,-.

Frå lønna blir det trekt 2 % til god pensjons- og forsikringsordning i Statens pensjonskasse.

Ytterlegare opplysningar om stillingane kan ein få ved å kontakte

- Haugaland og Sunnhordland tingrett v/sorenskrivar Tine Odland, tlf. 52 70 14 61/00, mob. 95 77 24 36
- Innstillingsrådet for dommarar v/sorenskrivar Arnfinn Agnalt, tlf. 69 79 77 00
- Domstoladministrasjonen v/avd.dir. Solveig Moen, tlf. 73 56 70 00

Meir informasjon finn du på www.domstol.no.

Dersom det kjem fram av søknaden din om du ønskjer konfidensiell handsaming, gjer vi merksam på at opplysningar om søkjar likevel kan gjerast offentleg, jf. Offentleglova § 25.

Ved å søkje på stillingar i www.jobbnorge.no, samtykkjer du til at vi kan handsame personopplysningar om deg. Opplysningane vil kun bli brukte i rekrutteringssamanheng. Personopplysningane dine vil ikkje bli lagra lenger enn naudsynt.

Etter at søknadsfristen er gått ut, vil offentleg søkjarliste vere tilgjengeleg på www.domstol.no/innstillingsradet. I denne samanhengen viser vi til offentleglova § 25, andre leddet når det gjeld vilkåra for å bli utelaten frå søkjarlista.

Vi ber om at du legg søknad med CV inn i det elektroniske søknadsskjemaet på "Søk denne stilling". Alle attestar og vitnemål skal leggjast ved samla i eitt vedlegg. Vi ber om at du skriv i søknaden kvar du fyrst såg utlysinga.

Søknadsfrist 8. august 2022

Additional information

Place of service:

